

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Ekstramøte - fjernmøte
Dato:	12.05.2021
Tid:	10:00

Program:

- KL. 10:00 Opning av møte
- Kl. 10:05 Orientering:
Gjennomgang av saksgrunnlag/drøftingsgrunnlag Regional plan for innovasjon og næringsutvikling «Berekraftig verdiskaping», ved Mette Nora Sætre og Jan Heggheim.
- Kl. 10:45 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Forfall til dette møtet :
Gunhild Berge Stange (V) forfall - Tom Hiis Bergh (V) stiller

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hovudutval for næring. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Sigrid Brattebø Handegard
Fungerande leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 11/21	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
PS 36/21	Politiske saker Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033 - vurdering av høringsinnspel	2020/74003	

Godkjenningssaker

GK 11/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Politiske saker

PS 36/21 Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033 - vurdering av høyringsinnspel

Saksnr: 2020/74003-112
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	36/21	12.05.2021

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033 - viktige prioriteringar og vegval etter høyringsrunden

forslag til vedtak

Hovedutval næring tek saksframlegget til vitande og ber administrasjonen merke seg hovedutvalet sine merknadar som kom fram i møtet.

Samandrag

I denne saka legg vi fram sentrale innspel og vegval knytt til plandokumentet. Etter høyringa har Næringsforum Vestland, som er styringsgruppe for planarbeidet, hatt to møte. Til det siste møtet i forumet vart det utarbeidd eit drøftingsnotat. Denne saka byggjer på drøftingsnotatet.

Saka vert lagt fram utan konkrete forslag til vedtakspunkt sidan Hovudutval for næring i dette møtet skal drøfta førebuing av saksdokument til framtidig avgjerd i fylkestinget. Utvalsmedlemmene vert invitert til å gje munnlege innspel til plandokumentet, som administrasjonen noterer og tar med vidare i saksførebuinga. Utover det vert utvalet invitert til å ta saksframlegget til vitande.

Saka til hovudutvalsmøtet den 25. mai vil bli ferdigstila straks etter det ekstraordinære møtet.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ekstramøtet i hovudutval for næring har bakgrunn utvalet sitt ynskje om prosess/arbeidsmøte knytt til høyringsinnspela til «*Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring 2021-2033*».

Planen har vore ute på høyring, med høyringsfrist 26.mars. Det kom inn omlag 80 skriftlege- og nesten like mange munnlege innspel i form av innlegg på dei regionale høyringsmøta. Administrasjonen skal formelt fremje sak om vurderinga av høyringa, og justering av planforslaget, til det ordinære møtet i hovudutval for næring 25.mai. Deretter skal saka vidare til handsaming i fylkesutvalet 1. juni og endeleg vedtak i fylkestinget 16. juni.

Denne saka løftar fram viktige prioriteringar og vegval knytt til plandokumentet. Drøftingsnotatet som denne saka bygger på er handsama av Næringsforum Vestland i møte tysdag 4.mai 2020. Næringsforum Vestland er styringsgruppe for den administrative planprosessen. Drøftinga i saka vert gjort med utgangspunkt i desse hovudpunkta:

- Løfte fram viktige strategiske tema i planen
- «Kompetanseutvikling i arbeidslivet» som eiga satsing
- Kopling til andre regionale planar og forslag om eigne temaplanar
- Mål for satsinga Grøn næringsutvikling - netto null-utslepp
- Berekrafts-omgrepet

Vedtakskompetanse

Saka vert lagt fram utan forslag til konkrete vedtakspunkt sidan Hovudutval for næring i dette møtet skal drøfta førebuing av saksdokument til framtidig avgjerd i fylkestinget. Utvalsmedlemmene vert invitert til å gje munnlege innspel til plandokumentet, som administrasjonen noterer og tar med vidare i saksførebuinga. Utover det vert utvalet invitert til å ta saksframlegget til vitande.

Prosess og medverknad

Medverknad frå samfunnet er vesentleg for å utvikla ein relevant plan som kan setjast i verk og gjennomførast. Planen skal vere ein plan for fylket og ikkje berre ein plan for arbeidet til fylkeskommunen. Det er eit mål at planen vert så god at kommunane vil bruke den som strategisk grunnlag for eigne handlingsprogram for næringsutvikling. Planen skal og være det næringspolitiske styringsdokumentet for fylkestinget i Vestland heilt fram til 2033, og skal slik være eit relevant næringspolitisk styringsdokument over 3 valperiodar for fylkestinget.

Fylkesutvalet vedtok i møte 19. januar 2021, PS 11/2021, å legge planutkastet for «*Berekraftig verdiskaping -regional plan for innovasjon og næringsutvikling*» ut på høyring. Høyringsutkastet vart sendt til om lag 200 høyringsinnstansar til uttale. Høyringsfristen var 26. mars 2021, og det kom inn omlag 150 skriftlege- og munnlege innspel. Fleire tema i høyringsrunden er trekt fram som grunnlag for strategiske prioriteringar og vegval i plandokumentet. Det er desse tema vi legg fram for drøfting. Detaljert høyringsrapport med alle innspel, og korleis dei er vurdert i planarbeidet, kjem til å følgja den formelle saka frå hovudutval for næring 25. mai og fram til fylkestinget 16. juni 2021.

Grundig informasjon om planprosessen, samt tilgang til alle høyringsinnspela finn hovedutvalet på Vestland fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/regional-plan-for-innovasjon-og-naringsutvikling/>

Frå 1. mars til 17. mars 2021 vart det arrangert sju regionale høyringsmøte. Møta var digitale, med studio både i regionane og i Bergen. I tillegg har planen i høyringsperioden vore presentert på andre arenaer, som til dømes digital samlingar for kommunane og ungdomane sitt fylkesting. Det har også vore dialogmøte med fem andre fylkeskommunale avdelingar. Tema på desse møta har vore høyringsinnspela og koplingar til andre regionale planar som kjem etter oss i løypa.

Den overordna oppsummeringa av høyringsinnspela, som vart presentert for Hovudutval for næring 28. april, er også lagt fram for Næringsforum Vestland. Dette forumet er styringsgruppe for det administrative planarbeidet, og denne partnerskapen har fått ta stilling til viktige vegval for planen før framlegget er lagt fram for politisk handsaming. Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV

Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling er leiar for forumet.

Alle høyringsinnspela er gjort offentleg tilgjengeleg i pdf-format på nettsida: <https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyringar/hoyring-regional-plan-innovasjon-og-naeringsutvikling/>

Inntrykk frå høyringssvara

- Varierte innspel, både tematisk og i omfang. Mange er positive til hovudretninga til planen og dei tre hovudsatsingane. Ein del meiner strategisk retning bør konkretiserast
- Blir frå fleire peika på at det er positivt at planen er bransjenøytral.
- Det blir samstundes etterlyst meir merksemd på spesifikke næringar, og fleire peikar på at det er viktig å satse på næringar og område der vi har særskilte føremon
- Mange vil ha større vekt på kompetansefeltet
- Blir stilt spørsmål om omgrepet klimanøytralitet
- Blir stilt spørsmål om korleis vi nyttar omgrepet berekraft
- Ynskje om konkretisering av satsingar, dei fleste innspela om konkretisering går på handlingsprogram, nokre på sjølve planen
- Ynskje om temaplanar og strategiar på nokre område
- Mange vil bidra til utarbeiding av handlingsprogram og iverksetjing av planen

Punkt for prosessdrøfting

Med utgangspunkt i kulepunktene over tilrår vi hovudutval for næring å drøfte følgjande:

1. Løfte fram viktige strategiske tema i planen

For å ta høgde for dei innspela som handlar om at planen er for bransjenøytral og har for lite merksemd på næringar og bransjar der Vestland har særskilte fortrinn, er det forslag om å løfta tydelegare fram enkelte verdikjeder og overordna tematikk identifiserte i scenarioanalysen (og omtala i utfordringskapitlet).

Fornybar energi. Vestland er det viktigaste energifylket i landet, og omstillinga frå svart til grøn energi må lukkast her. Opnar for gode koplingar til den komande regionale planen for fornybar energi, nye verdikjeder med industrielt preg, utfordringar med kapasitet i nettet, samt regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle og bruke ressursar lokalt.

Havnæringer. Utgangspunktet er godt - sidan vi har svært kompetente arbeidstakarar. verdslende verksemdar, klynger og kunnskaps- og forskingsmiljø i havnæringsane i heile Vestland. Forskningsrådet si havportefølje målber i tillegg satsingar på det marine, det maritime, havbruk og havteknologi.

Teknologi og industri. Det har kome innspel om at plandokumentet bør innhalda eit avsnitt om industri som må omstilla seg i møte med ny teknologi og digitale løysingar. Nye arbeidsplassar oppstår i stor grad der det vert levert produkt og tenester som står digitalisering. På same måte vil digitaliseringa krevje industriell produksjon, kompetanse og omstilling av eksisterande industri.

Sirkulærøkonomi. Sirkulærøkonomi omfattar alle bransjar, men ulike bransjar har ulike problemstillingar. Planen må også få fram at sirkulærøkonomi blir ei overordna føring og eit viktig verktøy for heile planperioden. Sirkulærøkonomi blir ein tung føresetnad for å delta i EU-program og regelverk og rammevilkår kjem til å bli tilpassa «green deal-strategien» på dette området. Skissert utvikling på dette området vil krevja kompetanseløft på mange områder i samfunns- og arbeidsliv.

Eksisterande verdikjeder som i dag sysselset mange (t.d prosessindustri, landbruk og reiseliv) blir også ivaretatt i regional plan for fornybar energi, eigne temaplanar for landbruk og reiseliv, og i handlingsprogram 2022 - 2025.

Regionsatsing og smart spesialisering. [Grøn region Vestland](#) blir eit viktig bidrag til utforming av det fireårige handlingsprogrammet. Prosjektet er starten på ei «smart spesialisering»-prosess som skal avdekke verdikjeder og forretningsområde i fylket vårt. Resultatet av dette prosjektet blir eit viktig bidrag for den regionale partnarskapen si prioritering av verkemidlar. Grøn region

Vestland-prosjektet starta 1. mai 2021 og skal i løpet av tida fram til 1. oktober arbeide saman med kommunar og lokale aktørar i dei ulike regionane i fylket for å oppdage barrierar, konkurransefortrinn og forretningsmoglegheiter.

2. «Kompetanseutvikling i arbeidslivet» som eiga satsing

Mange høyringsinnspel går på kompetanse. Det er også sterke politiske signal om at dette er svært viktig. Administrativ tilråding er at «*Kompetanseutvikling i arbeidslivet*» vert lyfta inn som ei fjerde satsing. Dette kjem i tillegg til dei tre satsingane på høvesvis «grøn næringsutvikling», «innovative og inkluderande samfunn» og «areal til næringsutvikling». Næringsforum Vestland, som er styringsgruppe, støttar dette forslaget.

For at Vestland skal lukkast, må vi byggje kompetanse for framtida, både i privat og offentleg sektor. Bedriftene i Vestland kan ikkje lukkast med omstillingsarbeidet utan tilgang på rett kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft. Nye verdikjeder og forretningsområde set krav til ny kompetanse. Offentleg sektor må sikre gode og effektive tenester til innbyggjarane gjennom auka bruk av digitalisering og ny teknologi. Vestland har mange utdannings- og forskingsinstitusjonar med sterke fag- og kompetansmiljø som er avgjerande for utviklinga av eit nyskapande næringsliv. Det er viktig å byggje kapasitet og kunnskap i desse miljøa som er relevant for den grønne omstillinga. Kva type kompetanse arbeidslivet har behov for i framtida, må avdekkast gjennom eit tett samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Mål for satsinga: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

Strategisk tilnærming er:

- Rett kompetanse for framtida
- Sikre tilgang på arbeidskraft
- Samarbeid om kompetanseutvikling.

Dette sikrar at kompetanseutvikling i arbeidslivet blir løfta fram som eit viktig tema i denne planen, i påvente av ny regional plan for kompetanse.

3. Kopling til andre regionale planar og forslag om eigne temaplanar

Høyringsrunden viser at regional plan for berekraftig verdiskaping må sjåast i samanheng med fleire andre regionale planar som skal utarbeidast:

- Regional transportplan
- Regional klimaplan
- Regional plan for fornybar energi
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv
- Regional plan for kompetanse
- Regional plan for senterstruktur

Mange innspel i høyringsrunden passar betre inn i nemnde planar, som alle skal vedtakast seinare i år og neste år. Innspela vert meldt vidare til dei ansvarlege for desse planprosessane.

I samband med utarbeiding av fireårig handlingsprogram, og iverksetjing av regional plan for innovasjon og næringsutvikling, må vi i tillegg sikre god koordinering med andre planar. Eiga sak om fireårig handlingsprogram for perioden 2022-2025 kjem som ny sak til hausten.

I utviklingsplanen for Vestland er det signalisert at det trengs færre plandokument. Fleire høyringsinnspel etterlyser likevel eigne bransjerelaterte strategiar og temaplanar:

- Temaplan for reiseliv
- Temaplan for landbruk
- Jordvernstrategi
- Breibandstrategi
- Datasenterstrategi
- Forskingsstrategi
- Industristrategi
- Strategi for desentralisering av (fylkeskommunale) arbeidsplassar
- Innspel til strategi knytt til bruken av kystlinja

Noko av dette kan løysast ved å utarbeida eigne temaplanar, noko utviklingsplanen gir rom for. Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Prosesskrava i plan og bygningslova gjeld

ikkje for temaplanar. Temaplanar skal bidra til samordna innsats og bruk av verkemiddel og inneheld oftast ein tiltaksdel. Med dette som utgangspunkt vert det tilrådd følgjande temaplanar:

- Temaplan reiseliv
- Temaplan landbruk, inkludert jordvern
- Temaplan breiband og digitalisering
- Temaplan forskning

Industri blir innarbeidd som eit viktig tema i handlingsprogram for 2022-2025. Strategi for desentralisering av arbeidsplassar fell ikkje naturleg inn under denne planen.

4. Mål for satsinga Grøn næringsutvikling - netto null-utslepp

Under satsing på «Grøn næringsutvikling» er hovudmålet: Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033. Denne målsetjinga bør konkretiserast og tilpassast i plandokumentet, slik at den er i samsvar med politisk ambisjonsnivå og det som kjem både i regional- og nasjonal klimaplan definert som «netto null-utslepp». I løpet av det siste året har EU, Storbritannia, USA, Kina, Japan og Sør-Korea sett mål om netto nullutslepp. Dette vil påverka næringsliv og innovasjonsmiljø på Vestlandet.

Planprogrammet for klimaplanen er under arbeid parallelt med prosessen for Regional plan for berekraftig verdiskaping . Som del av prosessen er det viktig å definere målsetnadane grundig i tidleg fase fordi dette vil legge føringar på resten av arbeidet med planen.

5. Berekrafts-omgrepet

I høyringsrunden har det også kome spørsmål om korleis vi nyttar omgrepet berekraft. Satsingane denne planen definerer, bidrar alle til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil planen legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå dei økonomisk berekraftmåla

- 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 9. Industri innovasjon og infrastruktur
- 11. Bærekraftige byer og lokalsamfunn
- 12. Ansvarleg forbruk og produksjon
- 13. Stoppe klimaendringane
- 17. Samarbeid for å nå måla

I høyringsrunden er det kome innspel om at « 14. *Livet i havet*» også må takast med. Då bør kanskje også « 15. *Livet på land*» vurderast?

I sjølve plandokumentet er det også framlegg om å få fram at for å skape berekraftig utvikling må den regional utviklinga hengja saman på tre områder:

- klima og miljø
- økonomi
- sosiale forhold

Dette blir ofte kalla dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling. Det er samanhengen og vektninga mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Når Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033 er vedtatt vil planen gi føringar for prioriteringar i budsjett og økonomiplan frå 2022.

Klima: Klimautfordringane er peikt på som ei sentral utfordring i kunnskapsgrunnlaget til planen. Klimaomstilling og nullutsleppssamfunnet er løfta fram i mål og strategiar.

Folkehelse: I tråd med folkehelselova er det utarbeidd ein folkehelseoversikt som grunnlag for plandokumenta til Vestland fylkeskommune. Utfordringar og moglegheiter som er skildra i oversikta, er lagt til grunn for mål og strategiar, og for vurderinga av behov for planar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Måla i utviklingsplanen ligg til grunn for « *Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033*».

Konklusjon

Fylkesdirektøren vil notere ned innspela som kjem frå Hovudutval for næring, og ta det med i den vidare planprosessen anten i sjølve planen, som innspel i saka eller som viktige føringar for komande fireårig handlingsprogram.